



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 Bergen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/189 - 18/13833

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
30.04.2018


## Oversender søknad om dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen til uttale - gbnr 70/23 Feste ytre

Tiltak: Dispensasjon - fritidsbustad  
Byggjestad: Gbnr: 70/23  
Tiltakshavar: Gunda Nordanger  
Ansvarleg søkjar:


### Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av fritidsbustad på gbnr 70/23 Feste ytre. Det er opplyst at den omsøkte fritidsbustaden skal utformast i tråd med kommuneplanen sine bestemmelsar for fritidsbustadar, jf § 2.20 i føresegnene til kommuneplanen.

Situasjonsplan



Kommuneplan



Eigedomen har tilkomst via sti frå fylkesveg 404. Parkering skal skje på Feste kai. Vassforsyning skal skje via privat borehol og det skal etablerast privat avlaupsanlegg.



Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader.

### Planstatus

Eigedomen ligg i område som er omfatta av Kommuneplanen 2011-2023. Området er avsett til byggeområde for fritidsbustadar. Omsøkte tiltak krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå punkt 1.1 i føresegnene til planen (plankravet).

### Vurdering

Det vart i sak 16/3919 søkt om dispensasjon for etablering av fritidsbustad, kai og naust på eigedomen. Saka vart avslått etter klage frå Fylkesmannen i Hordaland, jf vedtak datert 15.08.2017 frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Omsøkte tiltak gjeld etablering av fritidsbustad identisk med fritidsbustaden som vart handsama i sak 16/3919, men omfattar ikkje kai og naust.

### Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

Søknad om dispensasjon - gbnr 70/23 Feste ytre  
Naboarsel  
Teikningar  
Kart  
Gbnr 70-23 Ortofoto 2015  
Gbnr 70-23 kommuneplan 2011-2023  
Gbnr 70-23 grunnkart

### Kopi til:

Gunda Nordanger	Hamrane 30	5704	VOSS
-----------------	------------	------	------

### Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 7900	5020	BERGEN
Planavdelinga			
Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER